

## **Saksframlegg sak 7 – Innstilling medlemskontingent**

Medlemskontingentsatsane vart ikkje auka på årsmøtet verken i 2017, 2016 eller 2015, då den einaste endringa var at det vart innført honnørmedlemskap. Det betyr at førre endring i prisane var i 2014. I 2017 vart det vedteke at satsane som årsmøtet fastsett er for påfølgjande år, ikkje inneverande år. Det betyr at det i 2017 vart vedteke kontingentsatsar for både 2017 og 2018, og at årsmøtet i 2018 skal vedta kontingentsatsar for 2019.

Med omsyn til generell prisvekst vil det vere formålstenleg å sørge for ei gradvis auke i kontingentsatsane heller enn store byks med ujamne mellomrom. I 2019 vil det vere fem år sidan sist kontingentsatsane vart justerte.

Styret foreslår difor ei lita auke i medlemskontingentsatsane i 2019, nærmere bestemt 50 kroner opp for alle medlemstypar.

### **Forslag til vedtak:**

Medlemskontingentsatsane i 2019 vert som følgjer:

Vaksne (f.o.m. 20 år) – kr. 300,-  
Barn/ungdom (t.o.m. 19 år) – kr. 200,-  
Honnør (f.o.m. 67 år) – kr. 200,-  
Familiemedlemskap – kr. 550,-